



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 24.11.2009
Møtetid: 15 –18.10
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 6, inkludert 3 varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Kristian Jørgensen Inge Aasgaard Nils Gåsdal Liv Berit Befring	Sven Tore Kulleseid Hjørdis Tysse Heidi A Gjerde

Andre som var til stades på møtet:
Rektor Marit Kulild under sak 28/09 Ped.kons Karin Steinsland under sak 28/-30/09. Ass.rådmann Hilde-Lill Våge under heile møtet.

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	Sak vedk. Fredsskorpsarbeidet kjem opp på neste møte Sak vedk. Hall og skulestruktur vil koma til kommunestyret den 10 des. Orientering om oppstart av arbeidsgruppa: "Livslang læring" i samband prosjektet - Kompetansesenteret for småkraft.
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	Informasjon frå Ordførar vedk. Opning av paviljongen på Bjørkheim og tenning av julegrana den 27 nov. Møte med ungdom vedk. initiativ for oppstart av motorcrossbane.
Utvalet sitt kvarter:	Sven Tore Kulleseid stilte spørsmål om kommunen har Logoped. Ass-rådmann orienterte om at kommunen har logopedteneste gjennom PPT, men at kommunen trenger logoped i både skulane, barnehagane og i vaksenopplæringa i tillegg. Administrasjonen har leigt inn noko hjelp til dette til våren, og vil samstundes vurdere å få til ei ny stilling innfor eksisterande rammer ved omfordeling av ressursane

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 01.12.2009

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
027/09	09/641	Faste saker	
028/09	09/166	Samanger kommune og Gjerde skule si deltaking i prøveprosjektet - statleg rettleiing v/Utdanningsdirektoratet	
029/09	09/634	Fysisk aktivitet 5. - 7. trinn	
030/09	09/639	Høg kvalitet grunnskuleopplæringa frå 2010.	
031/09	09/635	Utbygging ved Samnangerheimen - utpeiking av styringsgruppe og nedsetjing av arbeidsgruppe	

Saknr. 027/09
FASTE SAKER

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

24.11.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

Utvalet sitt kvarter:” Sven Tore Kulleseid stilte spørsmål om kommunen har Logoped. Ass-rådmann orienterte om at kommunen har logopedteneste gjennom PPT, men at kommunen trenger logoped i både skulane, barnehagane og i vaksenopplæringa i tillegg.

Administrasjonen har leigt inn noko hjelp til dette til våren, og vil samstundes vurdere å få til ei ny stilling innfor eksisterande rammer ved omfordeling av ressursane.

OO-027/09 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

Saknr. 028/09

**SAMANGER KOMMUNE OG GJERDE SKULE SI DELTAKING I PRØVEPROSJEKTET
- STATLEG RETTLEIING V/UTDANNINGSDIREKTORATET**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

24.11.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Fellesframlegg: ” Skulane i Samnanger skal ha fokus på positivt læringsmiljø og oppfølging av læringsresultat:

-refleksjon

-bruk av digitale verktøy i utvikling av ein lærande organisasjon

-nulltoleranse for mobbing

-bli best i Hordaland i lesing på nasjonale prøver. ”

OO-028/09 Vedtak:

Skulane i Samnanger skal ha fokus på positivt læringsmiljø og oppfølging av læringsresultat:

- ✓ refleksjon
- ✓ bruk av digitale verktøy i utvikling av ein lærande organisasjon
- ✓ nulltoleranse for mobbing
- ✓ bli best i Hordaland i lesing på nasjonale prøver.

Saknr. 029/09**FYSISK AKTIVITET 5. - 7. TRINN****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Frå jan-juni 2010 skal alle elevane på 4.-7.trinn ved Gjerde skule og Nordbygda skule ha 20 minutt fysisk aktivitet organisert om onsdagane. Skuleskyssen vil gå 30 minutt seinare frå skulane enn i dag. Dette kjem i tillegg til organisering av fysisk aktivitet for 5.-7.trinn i løpet av eitt storfriminutt pr veke. Skulane skal organisera aktiviteten i høvelege store grupper, gjerne på tvers av alderstrinna. Skulane skal tilretteleggja slik at alle elevar, utan omsyn til funksjonsnivå, kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon i skoledagen.

24.11.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg
Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke

OO-029/09 Vedtak:

Frå jan-juni 2010 skal alle elevane på 4.-7.trinn ved Gjerde skule og Nordbygda skule ha 20 minutt fysisk aktivitet organisert om onsdagane. Skuleskyssen vil gå 30 minutt seinare frå skulane enn i dag. Dette kjem i tillegg til organisering av fysisk aktivitet for 5.-7.trinn i løpet av eitt storfriminutt pr veke. Skulane skal organisera aktiviteten i høvelege store grupper, gjerne på tvers av alderstrinna. Skulane skal tilrettelegga slik at alle elevar, utan omsyn til funksjonsnivå, kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon i skoledagen.

Saknr. 030/09**HØG KVALITET GRUNNSKULEOPPLÆRINGA FRÅ 2010.****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert oppretta ei arbeidsgruppe med 1 repr. frå OO, 2 Foreldrerepr. SU, 1 rektor og Pedagogisk konsulent er leiar for gruppa. Gruppa skal utarbeide forslag til organisering og gjennomføring av tiltak som skal etablerast hausten 2010.

24.11.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg
Handsaming i møtet: Tillegg: "Nestleiar i OO Eva Hellevang og OO-repr. Heidi Gjerde (vara) er medlemmer i arbeidsgruppa. Gruppa rapporterar til Oppvekst og Omsorg." Samrøystes vedteke.

OO-030/09 Vedtak:

Det vert oppretta ei arbeidsgruppe med 1 repr. frå OO, 2 Foreldrerepr. SU, 1 rektor og Pedagogisk konsulent er leiar for gruppa. Gruppa skal utarbeide forslag til organisering og gjennomføring av tiltak som skal etablerast hausten 2010.

Nestleiar i OO Eva Hellevang og OO-repr. Heidi Gjerde (vara) er medlemmer i arbeidsgruppa. Gruppa rapporterar til Oppvekst og Omsorg.

Saknr. 031/09

UTBYGGING VED SAMNANGERHEIMEN - UTPEIKING AV STRYRINGSGRUPPE OG NEDSETJING AV ARBEIDSGRUPPE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for arbeidet med planlegging av utbygging ved Samnangerheimen.

Det vert etablert ei arbeidsgruppe sett saman slik det går fram av saksutgreiinga.

..... representerer styringsgruppa.

Arbeidsgruppa skal innan juni 2010 ha utarbeidd kostnadsrekna framlegg til utbyggingsalternativ basert på Plan for pleie og omsorgstenesta i Samnanger kommune 2008 – 2012. I arbeidet skal det takast omsyn til samhandlingsreformen og kva konsekvensar den har for Samnanger.

24.11.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Fellesframlegg: ”Repr. frå styringsgruppa er Leiar Kristian Jørgensen.”
Samrøystes vedteke.

OO-031/09 Vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for arbeidet med planlegging av utbygging ved Samnangerheimen.

Det vert etablert ei arbeidsgruppe sett saman slik det går fram av saksutgreiinga.

Kristian Jørgensen representerer styringsgruppa.

Arbeidsgruppa skal innan juni 2010 ha utarbeidd kostnadsrekna framlegg til utbyggingsalternativ basert på Plan for pleie og omsorgstenesta i Samnanger kommune 2008 – 2012. I arbeidet skal det takast omsyn til samhandlingsreformen og kva konsekvensar den har for Samnanger.

